

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 08.07.2020
SAKSHANDSAMAR: Berit Irene Haarklau
SAKA GJELD: **Møteplan og årsplan 2021 for styret i Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2020/6026

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
02.09.2020

STYRESAK:
050/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Førde HF godkjenner møteplan 2021:

Møteplan 1. halvår 2021		
Møtedato	Alternativ dato	Møtestad
Fredag 29. januar	Måndag 1. februar	Førde, FSS
Torsdag 25. mars	Fredag 26. mars	Førde, FSS
Fredag 28. mai	Torsdag 27. mai	Sogndal, ISP
Torsdag 17. juni	Fredag 18. juni	Lærdal, LSH
Møteplan 2. halvår 2021		
Onsdag 1. september		Førde/ Nordfjordeid <i>*fellesmøte m/Helse Vest RHF</i>
Torsdag 28. oktober	Fredag 29. oktober	Førde/ Kyrkjebø
Torsdag 25. november	Fredag 26. november	Førde, FSS
Fredag 17. desember	Måndag 20. desember	Førde, FSS

2. Styreseminar (kveld) vert i samband med styremøte i mai og november 2021.
3. Styret i Helse Førde HF godkjenner årsplan 2021, med korrigert møtedato, i samsvar med vedtak punkt 1.

Oppsummering

Det vert i forslag til møteplan lagt opp til åtte styremøter og to styreseminar i Helse Førde HF i 2021.

Styremøte

Forslag til møteplan legg opp til åtte styremøter i 2021. Planen tek omsyn til vinterferie i veke 8 og haustferie i veke 41. Møteplanen tek også omsyn til interne møter i Helse Førde, regional leiargruppesamling, rapporteringsdato til Helse Vest, styremøter i Helse Vest RHF og felles styreseminar i februar og september. Helse Vest har i sin møteplan lagt styremøte 1. september til Førde/ Nordfjordeid, der første del vert synfaring og fellesmøte mellom Helse Vest og Helse Førde.

Styremøta i Helse Førde startar vanlegvis kl. 10:00 med «Fagleg orientering» som første del i møta. Styremøta vert planlagt å halde ved institusjonane:

- Førde sentralsjukehus, Førde
- Nordfjord sjukehus og Nordfjord psykiatrisenter, Nordfjordeid
- Lærdal sjukehus, Lærdal
- Indre Sogn psykiatrisenter/ Sogndal BUP, Sogndal
- Psykiatrisk klinikk, avdeling Tronvik, Kyrkjebø

Grunna korona-pandemien kan det verte endring av møtestad, dette i samsvar med gjeldande smittevernreglar frå Folkehelseinstituttet.

Helseføretakslova § 26 a fastset at det skal vere møteoffentlegheit ved helseføretaka sine styremøter. Styret kan vedta å handsama ei sak for lukka dører dersom det føreligg eit reelt og sakleg behov og vilkåra i Helseføretakslova § 26 a er oppfylt.

Styreseminar

Styreseminar som møteform vert nytta når det er behov for å drøfte generelle strategiar og utfordringar. Det vert i forslaget lagt opp til styreseminar (kveld), i samband med styremøte i mai og november 2021.

Årsplan

Årsplanen viser oversikt om:

- Møtedato og møtestad
- Faste styresaker, andre styresaker og tema
- Rapporteringssaker til Helse Vest
- Omvising/orientering ved institusjonane m.m.
- Styreseminar med Helse Vest RHF
- Samhandlingskonferansen og Kvalitetskonferansen i Helse Førde
- Dialogmøte med KS/ordførarar i del av Vestland fylke (tidl. Sogn og Fjordane)
- Fellesmøte mellom styret og Brukarutvalet

Konklusjon

Årsplanen er eit verktøy for å skape oversikt og strukturere styrearbeidet gjennom året, også å prioritere tida slik at viktige saker får størst plass.

Utkast til møteplan og årsplan 2021 vert drøfta i styremøte 2. september 2020. Møtedatoar i årsplanen vert korrigert i samsvar med vedtak i punkt 1.

Vedlegg:

1. Forslag til årsplan 2021 for styret i Helse Førde HF